Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	**Nærøyfjorden verneområdestyre**
Møtestad:	Aurland
Dato:	29.06.2026
Tidspunkt:	13:30

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Oppmøte på Mariannes bakeri og kafe i Aurland kl. 13.30, med lunsj. Synfaring i verdsarvutstillinga i Heradshuset etter lunsj. Styremøte startar ca. kl. 15.00 i kommunehuset i Aurland.

Middag på Hotel Aurlandsfjord kl. 18.00.

Overnatting på Stalheim hotell

Synfaring tirsdag 30. juni til Jordalen og Slettedalen. Oppmøte ved skulehuset i Jordalen kl. 09.00. Ta med niste og drikke for heile dagen. Me reknar med å vera tilbake ved skulen i Jordalen kl. 14.00.

Det er ca 1 time å gå traktorvegen frå Jordalen til Slettedalen. Kle dykk etter veret og med gode sko.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 16/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 18/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 7/26	Klage på Aurland kommune sitt vedtak - Nærøyfjorden verneområdestyre - gjenoppbygging av Hortastova - Aurland 56/1		2025/8353
RS 8/26	Søknadspliktig tiltak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen		2026/10243
RS 9/26	Krav om retting - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ljosdalen - oppføring av nye bygg på stølen		2022/11835
RS 10/26	Forvaltningsmyndighet for Frønningen naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre		2024/2489
RS 11/26	Nærøyfjorden verneområdestyre - brev til Lustrabaatane		2026/712
RS 12/26	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste stigen - motorferdsel - helikopter - Jens Arve Stegen		2026/9845
RS 13/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ramsøy - Gudvangen - Asbjørn Ramsøy		2026/8358
RS 14/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging i samband med tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD - Mattilsynet		2026/9827
RS 15/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - 2026 - transport av ved og utstyr på barmark - Arild Dyrdal		2026/11093
RS 16/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Handadalen - byggetiltak og motorferdsel - 2026 - Arild Dyrdal		2026/10067
RS 17/26	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Frondalen - motorferdsel - fly - forsyninger til hytte og støler - material til bygningsarbeid - Maren Loven		2026/11521
ST 19/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsverneområde - Øvste Stigen - konsert - scene og utedoar - Øvste Stegen Høgdagard		2026/11452
ST 20/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - konsert - motorferdsel - helikopter - Øvste Stegen Høgdagard		2026/11452

ST 21/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss Herad - Kongevegen - 2026 - Tiltak på Kongevegen over sivlesteinen - Statens vegvesen	2026/10250
ST 22/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen	2026/10243

ST 16/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 17/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 18/26 Orienteringar og referatsaker
RS 7/26 Klage på Aurland kommune sitt vedtak - Nærøyfjorden verneområdestyre - gjenoppbygging av Hortastova - Aurland 56/1
RS 8/26 Søknadspliktig tiltak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen
RS 9/26 Krav om retting - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ljosdalen - oppføring av nye bygg på stølen
RS 10/26 Forvaltningsmyndighet for Frønningen naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre
RS 11/26 Nærøyfjorden verneområdestyre - brev til Lustrabaatane
RS 12/26 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste stigen - motorferdsel - helikopter - Jens Arve Stegen
RS 13/26 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ramsøy - Gudvangen - Asbjørn Ramsøy
RS 14/26 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging i samband med tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD - Mattilsynet
RS 15/26 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - 2026 - transport av ved og utstyr på barmark - Arild Dyrdal
RS 16/26 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Handadalen - byggetiltak og motorferdsel - 2026 - Arild Dyrdal
RS 17/26 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Frondalen - motorferdsel - fly - forsyninger til hytte og støler - material til bygningsarbeid - Maren Loven

Nærøyfjorden verneområdestyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2026/11452-7

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 22.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	19/26	29.06.2026

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsverneområde - Øvste Stigen - konsert - scene og utedoar - Øvste Stegen Høgdagard

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdagard løyve til å sette opp ei midlertidig scene og to midlertidige utedoar knytt til konsertarrangement 8. august 2026.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Dei to utedoane kan vere inntil 1,20m x 1,20m og skal byggast av plater med bølgeblekk på taket. Doane skal stå på ein palle, der sjølve toalettringen kjem bakom pallen, slik at avføringa går i eit meter-djupt hol i marka, diameter ca. 60 cm. For å halde doen på plass, kan det slåast ned tofire i kvart hjørne på pallen, på oppsida.
- Utedoane skal settast opp i tilknyting til låven, sør eller vest for låven.
- Scene kan settast opp som vist i figur 2 i saksopplysnignar.
- Scena kan vere inntil 3m x 6m og lagast av eit reisverk av tre med stillasflakar som golv og presenning som tak. Taket kan dekkast av bjørkegreiner eller liknande naturmateriale. Scena kan fundamenterast med tofire i hjørna.
- Utedoane og scena kan settast opp i siste halvdel av juli, helst så nærme konsertdatoen som praktisk mogleg.
- Scena og ein av utedoane skal takast ned så snart som mogleg etter konserten, seinast 22 august. Den andre utedoen kan stå til første veka i september.
- Etter at dei er fjerna skal dohol fyllast med stadeigen masse og grunnen tilbakeførast slik at det ikkje er varige spor etter verken doane eller scena.
- Alt skal byggast av materiale som finnes på staden eller som kan bærast opp.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve sendt på e-post 18.05.2026, frå Ottar og Irene Stegen
- E-postutveksling med Ottar og Irene Stegen i etterkant av søknad

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, rettleiar M106-2014, Miljødirektoratet
- Skjøtselsplan: Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv; Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne. for høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden, Aurland naturverkstad, 2008

Ottar og Irene Stigen driv Øvste Stegen Høgdagard, 350 høgdemeter over Aurlandsfjorden. Dei har restaurert fleire bygningar og murar på høgdegarden og held på å restaurere den gamle taubana. Dei har starta med sau som beitar på Øvste Stegen og ynskjer å drive småskala turisme med omvising, servering og kulturformidling på garden. Etter 13 års arbeid med å restaurere garden ynskjer dei i år å feire at dei har klart å føre garden attende til slik den var to generasjonar tilbake. Dei ynskjer no å arrangere ein konsert på den unike gamle garden med den storslegne naturen som ramme. Dei har invitert til konsert med Sigrid Moldestad med fullt band på Øvste Stegen Høgdagard 8. august 2026. Denne konserten vil også vere ei markering av at garden har vore i Ottar Stegen sin familie i 250 år. I høve konserten søker dei om å sette opp ei scene og tre midlertidige utedoar.

Frå søknaden:

> *Utedoane, storleik 1.20m x 1,20m, vert sett opp på Vodl mot Åsen og scena, storleik 3mx6m, på utsikten under våningshuset. Desse er planlagd sett opp i siste halvdel av juli. Scena vert tekne ned i løpet av første veka etter konserten. PopUp Norge skal ha servering og overnatting for to grupper på Øvste Stegen 28.08.-30.08. Me søkjer difor om at den eine utedoen kan verte ståande til første veka i september. Dei to andre vert tekne ned første veka etter konserten.*

Etter nærare spørsmål om korleis bygga er tenkt utforma har forvaltar fått følgande skildring:

> *Uedoar: Veggene er av plater og taket av bølgeblekk. Doane skal stå på palle, der sjølve toalettringen kjem bakom pallen, slik at avføringa går i eit meter-djupt hol i marka, diameter ca. 60 cm. For å halde doen på plass, vert det slått ned tofira i kvart hjørne på pallen, på oppsida. Doane skal setjast opp i god avstand frå bekken og ligg nokre hm under bekkenivå. Det er ikkje andre vasskilder i nærleiken. Etter bruk, vert doholet greve på att. Me trur ikkje at det vert synlege spor etter doane. Som bilete viste i søknaden, vert doane plassert nedst på vodl mot Grisehola. Frå holet avføringa er i, vil avrenninga gå igjennom jord mot bakken ned til Grisehola. Her er fjell og stein, og plassen me legg graset me slår etter beiting av innmarka.*

Søkar opplyser vidare at doane er tenkt plassert ca 3 meter inn på enga frå kanten.

Scenen: Det vert ei ramma og røysverk av toseks. Sjølve golvet er stilasflakar. Taket; tofira med presenning over. Om me får det til, vil me prøve å dekke preseningen med greiner av bjørk. Fundamenteras med tofira i hjørnene.



Figur 1. Blå sirklar viser omsøkt plassering av utedoane.

Figur 2. Omsøkt plassering av scene.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Dette gjeld til dømes:
a. … oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral…

Det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under det styret kan gje løyve til etter verneforskrifta, og saka må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig …».

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast: «Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen må ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønn og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Øvste Stegen Høgdagard og området rundt er ein viktig del av kulturlandskapet langs Aurlandsfjorden. Området er godt kjent frå fleire synfaringar og det er gjennomført fleire undersøkingar av naturmangfaldet i området mellom høgdegarden og fjorden. Skråningane langs fjorden er viktige leveområde for fleire raudlista insekt, som sommarfuglane stor bloddråpesvermar (EN), båndbloddråpesvermer (EN), rosevikler (VU) og mørk rutevinge (VU) (naturbase 28.05.2026). Undersøkingane gjort på Øvste Stigen er ikkje like omfattande som lenger nede, men stor bloddråpesvermer er observert også her. I 2025 fant Miljøfagleg utredning både hagtornsommerfugl (EN) og mørk rutevinge (VU) i berget nedanfor Øvste Stigen. Dei fant også ein larve av stor bloddråpesvermer på Stigen. På Øvste Stigen vart det og funnet nokon interessante artar av veps og biller som ikkje har blitt registrert i Aurland kommune før. Sannsynlegvis er det området nede ved fjorden som er det viktigaste for sommarfuglane, men det er tydeleg at insekta til ein viss grad også brukar området så høgt opp som til Øvste Stegen.

Både scena og utedoane vil okkupere eit område av marka som er eit potensielt habitat for viktige insektartar. Det vil også bli mykje menneskeleg trakk og høg lyd i området på konsertdagen. Dette er likevel midlertidige forstyrringar på eit avgrensa område. Dei trua insekta vil lett kunne fly til rolegare område så lenge forstyrringane varer. Engene på Øvste Stegen er elles ikkje registrert som spesielt artsrike når det kjem til planteliv, og konserten blir arrangert så pass seint på sommaren at trakk ikkje vil vere eit stort problem for slåtte- og beitemarkene. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Utedoane er søkt plassert på slåttemarka der verneområdestyret i dag er med å delfinansiere slått og raking. Denne slåttemarka har tidlegare blitt gjødsla, og i følgje skjøtselsplanen for området er det eit mål å kjempe tilbake ein del av nitrofiseringa av engene. Nettopp difor er det viktig at graset blir fjerna etter slått. Å plassere utedoar på denne slåttemarka vil vere uheldig på grunn av gjødseleffekten dette vil ha lokalt på slåttemarka. Forvaltar foreslår derfor at utedoane blir plassert bak låven, sør eller vest for denne i staden for.

Utedoane vil vere synlege i landskapet for folk som er på tur i området dei vekene dei står der. For at inngrepet skal bli mindre dominerande foreslår forvaltar å berre gje løyve til to

utedoar. Det er allereie ein utedo i bakken bak gardstunet som bør kunne brukast i tillegg, og ein utedo langs stien mellom Nedste og Øvste Steigen som folk kan bruke på veg opp og ned. Med eit forventa tal på rundt 150 gjestar meiner forvaltar det bør vere nok med to ekstra utedoar. Å plassere utedoane i tilknyting til låven i staden for midt på innmarka vil også vere med på å gjere dei mindre dominerande i landskapet.

Scena vil og vere godt synleg på utsikten under våningshuset. Samtidig er det vanskeleg å gjere inngrepet noko mindre når ein skal ha plass til fullt band. Søker ynskjer å prøve å dekke presenningstaket med bjørkegreiner. Dette vil kunne mildne inntrykket noko. Elles er det positivt at både scene og utedoar blir bygd av material dei allereie har på staden så det ikkje er nødvendig med meir frakt.

Inngrepet med scene og utedo vil vere såpass kortvarig at forvaltar meiner det kan definerast som ei forbigåande forstyrring som det er mogleg å gje løyve til etter nml.§ 48. For å kunne gje løyve etter § 48 må vilkåra om at det ikkje strider mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane negativt vere oppfylt. Formålet med vernet er å ta vare på natur- og kulturlandskapet. Sjølv om både scene og utedoar vil påverke landskapet lokalt så lenge dei står, er inngrepa relativt små og ikkje minst midlertidige. Landskapets art og karakter vil ikkje endrast av at desse byggverka står på høgdegarden nokon veker på seinsommaren. Verken natur- eller kulturverdiar i området vil ta nemneverdig skade av inngrepa, og dei vil heller ikkje auke den samla belastninga på økosystemet vesentleg, jf. nml § 10.

Konserten er eit eingongstilfelle for å markere det flotte arbeidet som har blitt gjort for å ta vare på kulturlandskapet på og rundt høgdegarden. Sjølv om det ikkje er eit nødvendig inngrep i eit verneområde er det positivt å få vist fram både det flotte området og alt det positive arbeidet som grunneigar har lagt ned på plassen. Arrangementet har mange likheitstrekk med Vamp-konserten arrangert på Nedste Stigen i 2013, som var ei markering av ferdigstilling av låven på den høgdegarden. Desse høgdegardane er unike i dette landskapsvernområdet med at det er aktiv bruk av høgdegardane til landbruk og formidling av verneverdiane. Den planlagde konserten vil gje folk ei nydeleg natur- og kulturoppleving og formilde verneverdiane på ein god måte. Sidan arrangementet er knytt til det viktige arbeidet med skjøtsel av det heilskaplege kulturlandskapet som er gjort på Øvste Stegen Høgdegard, vil løyve til scene og utedoar i liten grad skape presedens for andre område.

Konstruksjon av både scene og utedoar synes å vere godt nok gjennomtenkt med tanke på at det er eit midlertidig tiltak. Med eit nedjustert tal utedoar, og justert plassering av doane, meiner forvaltar det er gode løysingar som er valt, jf. nml. § 12.

Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

Forvaltar vurderer at konsertarrangementet med mellombels oppsett av scene og to utedoar er eit enkeltståande avvik frå vernevedtaket som verneformålet og verneverdiane tåler. Ei slik konsertoppleving vil gje mange ei positiv oppleving av verneområdet, og forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Nærøyfjorden verneområdestyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2026/11452-6

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 22.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	20/26	29.06.2026

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - konsert - motorferdsel - helikopter - Øvste Stegen Høgdagard

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdagard løyve til fire helikopterlandingar på Øvste Stigen i perioden 7.-9. august 2026, knytt til arrangering av konsert.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48, fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan gjennomførast to flygingar opp med utstyr 7. eller 8. august og to flygingar ned igjen med det same utstyret 9. august. Flygeruta er frå Hjellum til Øvste Stigen.
- Bruken av helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Det kan transporterast instrument og utstyr til 6 bandmedlemmar og utstyr til lydmann, samt fleire straumaggregat.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Dette løyvet skal vere med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport om transporten til sekretariatet for verneområdestyret innan 30.10.2026

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve sendt på e-post 18.05.2026, frå Ottar og Irene Stegen

- E-postutveksling med Ottar og Irene Stegen i etterkant av søknad

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, rettleiar M106-2014, Miljødirektoratet

Ottar og Irene Stigen driv Øvste Stegen Høgdagard, 350 høgdemeter over Aurlandsfjorden. Dei har restaurert fleire bygningar og murar på høgdegarden og held på å restaurere den gamle taubana. Dei har starta med sau som beitar på Øvste Stegen og ynskjer å drive småskala turisme med omvising, servering og kulturformidling på garden. Dei ynskjer no å arrangere ein konsert på den unike gamle garden med den storslegne naturen som ramme. Dei har invitert til konsert med Sigrid Moldestad med fullt band på Øvste Stegen Høgdagard 8. august 2026. I høve konserten søker dei om fire helikopterløyve; to til å frakte instrument og utstyr til band og lydmann opp til høgdegarden, og to for å frakte det ned igjen. For å kunne arrangere ein stor konsert utandørs slik dei ynskjer må dei ha skikkeleg lydanlegg og fleire aggregat. Helikopterselskapet flyr ikkje aggregat saman med anna utstyr og difor er det naudsynt med to flygingar kvar veg. Planlegginga av konserten starta for to år sidan. Då var det planlagt at taubana skulle vere ferdig sommaren 2025. Ein del uforutsette ting har gjort at taubana ikkje kjem på plass før aug-sept.2026.

Figur 1. Kart med innteikna helikopterrute.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsle, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.

Det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under det styret kan gje løyve til etter verneforskrifta, og saka må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig …».

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast: «Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen må ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønn og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Øvste Stegen Høgdagard og området rundt er ein viktig del av kulturlandskapet langs Aurlandsfjorden. Området er godt kjent frå fleire synfaringar og det er gjennomført fleire undersøkingar av naturmangfaldet i området mellom høgdegarden og fjorden. Skråningane langs fjorden er viktige leveområde for fleire raudlista insekt, som sommarfuglane stor bloddråpesvermar (EN), båndbloddråpesvermer (EN), rosevikler (VU) og mørk rutevinge (VU) (naturbase 28.05.2026). Undersøkingane gjort på Øvste Stigen er ikkje like omfattande som lenger nede, men stor bloddråpesvermer er observert også her. I 2025 fant Miljøfagleg utredning både hagtornsommerfugl (EN) og mørk rutevinge (VU) i berget nedanfor Øvste Stigen. Dei fant også ein larve av stor bloddråpesvermer på Stigen. På Øvste Stigen vart det og funnet nokon interessante artar av veps og biller som ikkje har blitt registrert i Aurland kommune før. Sannsynlegvis er det området nede ved fjorden som er det viktigaste for sommarfuglane, men det er tydeleg at insekta til ein viss grad også brukar området så høgt opp som til Øvste Stegen.

Helikopterflyging vil vere ein kortvarig påverknad på dei trua insekta som eventuelt måtte vere i området når helikopteret landar og lettar. Viss det blir veldig hyppige flygingar kan ein tenke seg at dette lokalt vil kunne skremme vekk nokon av artane som brukar området, men

det er ikkje truleg at vi nærmar oss eit slikt nivå endå. Flyginga er ikkje forventa å ha negativ påverknad på andre artar. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Det er stor aktivitet på Øvste Stegen Høgdagard for tida og det er allereie gitt fleire andre helikopterløyve til høgdegarden denne sommaren. Når taubana til Øvste Stegen blir ferdig bygd er det venta at tal søknadar om helikopterløyve vil avta. Det høge talet på flygingar er venta å vere eit unntak akkurat i sommar. Fire flygingar ekstra er ikkje venta å auke den samla belastninga på økosystemet vesentleg, jf nml. § 10.

Fram til taubana er bygd er helikopter einaste moglegheit til å frakte tungt utstyr til Øvste Stegen. Dette blir derfor vurdert som den beste løysinga på transportbehovet per i dag, jamfør nml § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Formålet med vern av Nærøyfjorden er å ta vare på naturlandskapet med sitt mangfald av dyre- og planteliv og kulturlandskapet med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne. Arrangering av konsert på Øvste Stegen Høgdagard med tilhøyrande naudsynt flyging av utstyr vil ikkje påverke formålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 48. Som allereie vurdert er ikkje flyginga omfattande nok til at det er sannsynleg at dyreliv blir skadelidande, og den er heller ikkje venta å skade kulturminne på staden. Den vil difor ikkje påverke verneverdiane negativt. Ein slik konsert vil derimot gje fleire folk moglegheit til å oppleve og bli glad i området.

Arrangering av konsert er eit tiltak som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Det kan definerast som eit uforutsett tilfelle og flyginga som ein forbigåande forstyrring som omtalt i rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter. Forvaltar meinar derfor det er opning for å kunne gje løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Det er eit generelt mål om å halde nivået på motorferdsel inne i eit verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Ein kan argumentere med at arrangering av konsert er noko som ikkje er naudsynt å gjere innafor verneområdet. Eventuelt kan ein argumentere for at ein burde halde eit arrangement så lite at nødvendig utstyr kan bærast opp for å unngå motorferdsel i utmark, eller at søkar burde venta til taubana er ferdig. Samtidig vart det gitt tilsvarande helikopterløyve som no er søkt om då det vart arrangert Vamp-konsert på Nedste Stigen i 2013. Likebehandling er eit viktig prinsipp i forvaltninga. Det som er likt med desse to sakene, er at det er ei markering av ferdigstilling av eit historisk kulturlandskap med slåttemarker og bygningar. Begge gardane er unike i dette landskapsvernområdet med at det er aktiv bruk av høgdegardane til landbruk og formidling av verneverdiane. Forvaltar vurderer på denne bakgunn av denne helikopterflygninga er eit enkeltståande avvik frå vernevedtaket, og vil i liten grad skapa presedens for motorferdsel til konsertar i andre saker.

Ein grunn til å avgrense flyging er omsyn til dyr på beite, og folk som brukar området til friluftsliv og opplevingar. Vanlegvis blir det sett vilkår om å prøve å unngå flyging på søndagar av omsyn til friluftsliv. Her blir det søkt om å fly utstyret ned igjen på ein søndag. Samtidig er formålet med flyginga nettopp å gje folk ein unik natur- og kulturoppleving, og det er naturleg at dei ynskjer å få utstyret ned att så snart arrangementet er avslutta.

Konklusjon

Forvaltar vurderer at helikopterflyginga er eit enkeltståande avvik frå vernevedtaket som verneformålet og verneverdiane toler. Ei slik konsertoppleving vil gje mange ei positiv oppleving av verneområdet, og forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Nærøyfjorden verneområdestyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2026/10250-6

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 24.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	21/26	29.06.2026

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss Herad - Kongevegen - 2026 - Tiltak på Kongevegen over Sivlesteinen - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å gjera mellombelse tiltak på kongevegen mellom Stalheim og Sivlesteinen i samband med at denne vegen skal nyttast som turveg medan det er arbeid på Stalheimskleiva.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan leggast ei enkel bru over bekken midt på strekninga. Denne brua treng ikkje fjernast når arbeidet på Stalheimskleiva er avslutta.
- Det kan leggjast bork på dei våtaste partia på stien.
- Tilrettelegginga med bork og trestammar langs stien skal fjernast innan 01.11.2027.
- Tiltakshavar skal rydde området tilbake til den tilstand den var før tiltaka vart gjennomført for å ivareta naturtilstanden.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdeforvaltninga innan 01.12.2027.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om dispensasjon frå forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, §3a for mellombelse tiltak utført på kongevegen på eigedom 332/4, *Statens vegvesen,* 18.06.2026

Søknaden
I søknaden står det fylgjande:

> *Det vert med dette søkt om dispensasjon frå Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommunar, Vestland §3a for mellombelse tiltak utført på kongevegen på eigedom 332/4. Området frå bommen til Sivleplassen er stengd medan det vert utført naudsynt vedlikehald øvst i Stalheimskleivi. Samstundes er det stort press frå turistnæringa for å legge til rette for å kunne nytte delar av kongevegen parallelt med kleiva, for ferdsle i sesongen (mai september). Det var mange tre som rotvelta under stormen 4. oktober i fjor. Desse utgjer ein risiko både for besøkande og for anleggsarbeidet. Fleire tre som låg velta over kongevegen og Stalheimskleivi mellom øvste bommen og Sivleplassen, er rydda. Det er laga klopp/bru over eit bekkeløp, og på våte parti er det lagt ut bark for å sikre trygg framkomelegheit for gåande. Dette vert fjerna når kleiva kan opnast for ferdsle att. Tiltaket vart diverre gjennomført før søknad om dispensasjon frå forskrifta låg føre. Det skuldast kommunikasjonssvikt med driftsentreprenøren vår og eit ønskje om å ha passasjen farbar til 17. mai-arrangementet på Sivleplassen. Dette ber vi om orsaking for, og vi håpar at tiltaket ikkje er i strid med forskrifta.*



Figur 1 Omtrentleg trase for kongevegen. Kopi frå fylkesatlas

Foto: Statens vegvesen. Bekkeløp omtrent midt på strekninga. Bru/klopp er snekra på staden og er lett å demontere

Foto: Stalheim Landskapspark. Bork er lagt ut, og spent inn med bjørkestammer frå rotvelta tre. Alt skal fjernast når kleiva vert opna for trafikk att

Figur 2 Kongevegen med bork. Foto Maria A. Underdal

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2026
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «…*oppføring av anlegg og faste*

innretningar, …drenering og anna form for tørrlegging….masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse…» (jf. § 3 punkt 1.1. a)).

Vanleg vedlikehald kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). Forvaltninga kan gje løyve til oppmerking og varding av nye fotturruter, og nybygging av bruer og klopper jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3.f).

Det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under det styret kan gje løyve til etter verneforskrifta, og saka må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig …».

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast: «Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen må ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønn og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Kongevegen i Stalheimskleiva er truleg den eldste vegen som vart bygd for ferdsel i dette området. Vegen er berre synleg på nokre strekningar, blant anna mellom Sivlesteinen og Stalheim. Kongevegen er eit kulturminne som er viktig å ta vare på utan å endra på utforminga av stien. I samband med arbeid på øvste del av vegen i Stalheimskleiva, har Statens vegvesen gjennomført tiltak på den gamle kongevegen for å ha denne som turveg medan arbeidet på vegen pågår. Kongevegen ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, og tiltaka som er gjennomført er søknadspliktig etter verneforskrifta. Det er svært uheldig at tiltak vert gjort før det er søkt om løyve til tiltaka etter verneforskrifta for landskapsvernområdet, og det er vurdert om tiltaka er i strid med verneverdiane og verneføremålet.

Kongevegen frå Stalheim og gjennom Nærøydalen er ikkje fullstendig kartlagt, men deler av strekninga er kjent, blant anna i den øvste delen i Stalheimskleiva. I 2019 skreiv Kåre Olav Aldal ein rapport som skildrar deler av kongevegen der den framleis er delvis synleg. Det er ikkje kjente registreringar av sårbare naturtypar eller artar der kongevegen går øvst i Stalheimskleiva (Naturbase 22.06.2026). Det er registrert platanlønn i øvste del av Stalheimskleiva og langs vegen mellom Stalheim og Sivleplassen. Under arbeid i terrenget må det takast spesielle omsyn for å unngå vidare spreiing av denne arten. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som bra for å vurdera saka, jf. nml § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet jf. nml. § 10. Kongevegen har fram til i dag ikkje vore påverka av tekniske inngrep, og er eit viktig og synleg kulturminne på Stalheim. Nye tiltak for å heva standarden på denne vegen forringar kulturminnet. Det er søkt om å få ha tilrettelegginga på kongevegen som eit mellombels tiltak, og forvaltar meiner det kan definerast som ei forbigåande forstyrring som det er mogleg å gje løyve til etter nml.§ 48. Det er eit konkret behov for å ha ein alternativ sti å gå på medan Statens vegvesen restaurerer vegen i Stalheimskleiva. Kongevegen går parallelt med vegen, og er ein bra alternativ gangveg mellom Stalheim og Sivlesteinen. Det er stor trafikk av turistar og lokalfolk som går frå Stalheim og ned til Sivlesteinen, og den alternative gangvegen er difor eit bra tiltak for å gjera området tilgjengeleg.

For å kunne gje løyve etter § 48 må vilkåra om at det ikkje strider mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane negativt vere oppfylt. Formålet med vernet er å ta vare på natur- og kulturlandskapet. Sjølv om tiltaket på kongevegen vil påverka kulturminne som er del av verneføremålet, vil påverkinga vera kortvarig og kan reverserast. Verken natur- eller kulturverdiar i området vil ta nemneverdig skade av dei mellombelse inngrepa, og dei vil i liten grad auke den samla belastninga på økosystemet vesentleg.

For å gjera stien lett framkomeleg, er det lagt bork på det meste av stien. Dette er eit tiltak som forringar kulturminnet og gjev kongevegen eit nytt uttrykk. Tiltaket er ikkje tilpassa tradisjonell byggeskikk, og er difor ikkje ein god miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12. Tiltaket var gjennomført før det vart søkt om løyve, og det har difor ikkje vore mogleg å vurdera alternative løysingar for å gjera stien betre framkomeleg. Sidan tiltaka er gjennomført, og er mellombels og reversible, vurderer forvaltar at det er betre å la borken ligge i kongevegen medan arbeidet på vegen i Stalheimskleiva pågår, og ikkje gjera nye tiltak no. Det vert sett vilkår om at borken skal fjernast innan 01.11.2027 for at tiltaka ikkje skal verta varige. Borken skal fjernast frå kongevegen innan denne datoen. Dersom det er bruk for å ha kongevegen som alternativ turveg for eit lenger tidsrom, må tiltaka på kongevegen gjennomførast etter tradisjonell byggeskikk. Tiltakshavar må ta kontakt med forvaltninga for å avklara om eventuelle tiltak er søknadspliktige.

Brua som er lagt over bekken er eit lite inngrep. Det er tradisjon for å legge enkle klopper over små bekkar, og brua treng difor ikkje fjernast i tilfelle kongevegen skal nyttast som turveg vidare.

Tiltakshavar må ta kostnadane med å rydde området tilbake til den tilstand den var før tiltaka vart gjennomført for å ivareta naturtilstanden jf. nml. § 11.

Konklusjon

Forvaltar vurderer at tiltaka på kongevegen med mellombels tilrettelegging er eit enkeltståande som ikkje er i strid med verneformålet og verneverdiane, og forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Nærøyfjorden verneområdestyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2026/10243-8

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 25.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	22/26	29.06.2026

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleivi - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å restaurera vegen i Stalheimskleivi mellom Stalheim og Sivlesteinen i det partiet som er i Nærøyfjorden landskapsvernområde, ca. 250 meter.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Asfalt og overskotsmassar med grus kan fjernast frå vegen. All overskotsmasse som ikkje skal nyttast i vegen, skal fraktast ut av området og takast hand om på ein forskriftsmessig måte.
- Stikkrenner av plast skal fjernast, og originale stikkrenner skal gjenopnast.
- Stabbesteinsrekkverket skal reetablerast på heile strekninga. Supplering av stabbesteinar som vera av tilsvarande steinar.
- Murane på vegen skal restaurerast. Så langt det er mogleg skal steinar i murane nyttast opp att. Dersom det må supplerast med nye steinar, skal det nyttast tilsvarande steinar.
- Betongmuren langs indre grøft kan fjernast dersom det er beste løysinga for vegen. Betongen skal i tilfelle fjernast frå området og takast hand om på ein forskriftsmessig måte.
- Det kan leggjast grus eller asfalt som vegdekke.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdeforvaltninga når arbeidet med øvste del av Stalheimskleivi er avslutta.
- Dette løyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdato.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om dispensasjon frå forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde til å utføra pågåande vedlikehald i Stalheimskleivi.
- Dispensasjon frå freding etter kulturminnelova § 22a jf. § 15 a – Kulturminne-ID 128944 – Stalheimskleivi – Voss herad. *Vestland fylkeskommune*, 24.10.2025

Søknaden

I søknaden står det fylgjande:

> Som tidligere beskrevet anser vi tiltaket som nødvendig vedlikehold for å opprettholde vegstandarden i tråd med fredningsvedtaket for Stalheimskleivi, men også vedlikehold som må gjøres for å sikre trygg ferdsel. Det består hovedsakelig i å fjerne overskuddsmasser i form av grus som over tid er lagt på over vegmurene. Stedvis er det opptil en meter mellom toppmur og asfalt, og det fører til at masser renner ut i sideterrenget og asfalten sprekker opp. Innen kulturminneforvaltningen er dette å regne som nødvendig vedlikehold, og ikke en endring av vegstandarden eller vernekriteriene i henhold til fredningens formål på vernetidspunktet. Det er ennå ikke tatt stilling til om vegen skal tilbakeføres til det opprinnelige grusdekke eller om asfaltdekke vil være å foretrekke med tanke på den videre bruken og driften. Dette vil være et søknadspliktig tiltak både etter kulturminneloven og landskapsvernforskriften.
>
> Vedlikeholdet som nå utføres endrer verken vegstandard, veglinje, vegbredde eller grøfter. Vi har derfor vært av den oppfatning at arbeidet hører under vårt ansvar som vegmyndighet med vedlikeholdsplikt og forvalter av en fredet veg som inngår i etatens Nasjonale verneplan.
>
> Vi søker likevel om dispensasjon fra forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommunar, Vestland, slik at vi kan utføre det pågående vedlikeholdet i øvre del av Stalheimskleivi. Saken viser imidlertid at det er behov for å avklare grensegangen mellom vår rolle som vegmyndighet med vedlikeholdsplikt og forvalter av en fredet riksveg og landskapsverneområdets grunnlag for krav om at vi må søke om tillatelser. Vi mener det er lite hensiktsmessig om verneområdestyret må behandle søknader knyttet til tiltak som hører under vårt vegfaglige ansvarsområde i tilfeller der disse også behandles av Vestland fylkeskommune som kulturminnemyndighet. Vegen er en mye besøkt turistattraksjon, og Statens vegvesen har ansvar både for å ivareta vegens kulturminneverdier og sikre trygg ferdsel. Vi bør derfor få avklart ansvarsfordelingen før det oppstår en situasjon der dette blir satt på spissen - for eksempel fordi det oppstår en situasjon der det er nødvendig å gjennomføre nødvendige tiltak raskt.



Figur 1 Kartet viser vegen mellom Stalheim og Sivlesteinen. Kopi frå fylkesatlas

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2026
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014
- Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldsloven, Miljødirektoratet rundskriv M481-2016

Verneforskrift og verneformål
Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «…*oppføring av anlegg og faste innretningar, …drenering og anna form for tørrlegging….masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse…*» (jf. § 3 punkt 1.1. a)).

Vanleg vedlikehald kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vegen i Stalheimskleivi ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, med unntak av ca. 50 meter av øvste del av vegen. Vegen vart freda etter kulturminnelova 21.12.2009, og inngår i Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne. Stalheimskleivi har såleis eit sterkt vern gjennom både kulturminnelova og verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Tiltaka det vert søkt om er istandsetting og tilbakeføring av vegen og vegmurane til opphavleg utforming. Tilbakeføringa vil vera til ein standard som var før vernetidspunktet i 2002, og er difor eit søknadspliktige tiltak etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Verneområdestyret kan gje løyve til vedlikehaldsarbeidet jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c); «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.»

Vanleg vedlikehald er ikkje eit søknadspliktig tiltak. Kva som meinast med vedlikehald av vegar er omtalt i rettleiaren frå Miljødirektoratet rundskriv M481-2016 om «Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldsloven». Der står fylgjande om vedlikehald i kapittel 4.12.1 – Vedlikehold av eksiserende veier og kjørespor;
«*Unntak for vedlikehold av eksisterende veier/kjørespor i verneområder innebærer at nødvendige tiltak for å holde veien/kjøresporet i samme stand som på vernetidspunktet er tillatt. Vedlikeholdet skal ikke føre til at veien/kjørsporet endrer karakter eller får en standard som for eksempel åpner for nye kjøretøygrupper. Det vil normalt være tillatt med nødvendig grusing på veier og vedlikehold av eksisterende grøfter langs veier. Når det gjelder grusing tenker man i denne sammenheng kun på vedlikehold av bærelag/slitelag der dette finnes fra før. Skifte av dekke, for eksempel fra grus til asfalt, er tiltak som går ut over normalt*

vedlikehold. Det samme gjelder tiltak som går ut på å anlegge nye grøfter, rette ut svinger, omlegging av trasé eller å utvide veien i bredden.»

På bakgrunn av rettleiaren det her vert vist til, vurderer forvaltar at tiltaka fører til ei endring av vegen frå slik den var på vernetidspunktet i 2002. Forvaltar vurderer difor at tiltaka skulle vore søkt om før arbeidet vart sett i gang. Det er svært uheldig at tiltak vert sett i gang før det vart søkt om løyve til tiltaka etter verneforskrifta for landskapsvernområdet, og før verneområdestyret har fått vurdert om tiltaka er i strid med verneverdiane og verneføremålet. Statens vegvesen opplyser at dei har sett på dette arbeidet som vedlikehaldsarbeid, og med det at det ikkje var søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta. Vestland fylkeskommune har gitt dispensasjon frå kulturminnelova til tiltak i Stalheimskleivi (*Dispensasjon frå freding etter kulturminnelova 24.10.2025*). Med bakgrunn i at det er ulikt syn på kva som er søknadspliktig tiltak, presiserer forvaltar at vår vurdering er at dette er eit søknadspliktig tiltak.

Dersom det skal gjennomførast andre omfattande tiltak på vegen seinare, vil forvaltar oppmoda om at spørsmål om eit tiltak er søknadspliktig eller ikkje, vert avklart med verneområdeforvaltninga når arbeidet er under planlegging. Dersom det oppstår akutte situasjonar, vil dette kunne avklarast raskt.

Stalheimskleivi som bygningskonstruksjon er godt dokumentert gjennom historiske dokument. Vegen vart bygt i perioden 1843-45. Vegen er anlagt med indre og ytre kistemurar. På 1900-talet vart vegen tilpassa bil- og busstrafikk. Rundt 1980 fekk vegen asfaltdekke. Med tilpassinga til bil- og busstransport, vart det støypt betongkantantar mange stadar på vegen, og svingane vart utvida. Av andre registrerte kulturminne i Stalheimskleivi, er det restar etter gamal kongeveg, murar etter fleire uteløer, og murar etter ein paviljong som stod omlag halvvegs i kleivi.

Det er ikkje kjente registreringar av sårbare naturtypar eller artar der kongevegen går øvst i Stalheimskleiva (Naturbase 22.06.2026). Det er registrert platanlønn i øvste del av Stalheimskleiva og langs vegen mellom Stalheim og Sivlesteinen. Under arbeid i terrenget må det takast spesielle omsyn for å unngå vidare spreiing av denne arten. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som bra for å vurdera saka, jf. nml § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet jf. nml. § 10. Tiltaket det vert søkt om er både ei istandsetting av vegen, og tilbakeføring av vegen og vegmurane til opphavleg utforming. Det vil gjera dei historiske vegmurane meir synlege. Tilbakeføringa til ein tidlegare vegstandard vil vera positivt for landskapsbildet, og Stalheimskleivi som kulturminne vert betre ivaretatt. Tiltaka er difor vurdert som positive for landskapsvernområdet og verneverdiane, og i tråd med verneføremålet med å ta vare på kulturminne. Istandsettinga vil i liten grad påverka naturlandskap, og forvaltar vurderer den samla belastninga på økosystemet som akseptabelt.

Murane på vegen skal restaurerast av tørrmurarar. Alt arbeid med maskiner skal føregå på vegen, og det er ikkje trong for å bruke motorisert køyretøy utanfor vegbanen. Det skal reetablerast stabbesteinsrekkverk på heile strekninga. Der det manglar stein vert det supplert med same type stein. Arbeidsmetodane som er omtalt i søknaden er vurdert som miljøforsvarlege metodar for desse tiltak jf. nml. § 12. I søknaden er det ikkje tatt stilling til om det skal vera asfalt- eller grusdekke på vegen når arbeidet er sluttført. Forvaltar meiner dette

vert best vurder av Statens vegvesen ut frå ei vegfagleg vurdering, og rår til at det kan opnast opp for begge løysingane.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

Forvaltar vurderer at tiltaka på vegen i Stalheimskleivi er positive tiltak for Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er i tråd med verneverdiane og verneføremålet. Forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).